



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 351.40

Sak nr 4/2014

Møtedato: 15.1.14

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

Elgjakt – pris

Fjellstyret justerte pris på elgjakta i 2012. Kilopris varierer etter vekt og snittpris for 2013 var på 65,44 kr/kg eks fellingsavgift. Året før var snittpris 71,18 kr/kg. Gjeldande pris frå 2012 bør aukast i samsvar med prisutviklinga (KPI) og det bør vera årleg auke etter KPI.

Grunnavgifta er no på kr 3360 og den bør aukast på same vis som kilopris. Det er berre for dyr i grunnkvota det er betalt grunnavgift, ikkje for tilleggsdyr. Ein har registrert at jaktlag ber om tilleggsdyr utan å jakte noko særleg på dei. Dette hindrar andre jaktlag som ikkje har fylt grunnkvota til å overta jaktfeltet. Det bør derfor vera grunnavgift på ev. tilleggsdyr med prosentvis reduksjon ut frå kor mange jakt dagar som er att, alternativt med ein minstesum. Det kan også haldast tilbake ei periode, t.d. ei veke, som blir reservert for jakt til dei jaktfelta som har att grunnkvote.

Fjellstyret leiger ut elgtrekk til jaktlaga for kr 150 + mva. Prisen er ikkje endra sidan 2001 og bør justerast opp. Leigepris dekker ikkje alle utgifter med vedlikehald og reparasjon, men bakgrunnen for kjøp av elgtrekk var å bidra til at traktor ikkje vart nytta. Administrasjon forslår at prisen blir oppjustert til kr 200 og at det for seinare år blir justering etter KPI.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har i brev datert 8.1.14 gjeve følgjande uttale:

For å redusere sannsynligheten for at jaktlag tinger tilleggsdyr for å "holde på" sitt jaktfelt ut jaktperioden, bør det betales grunnavgift for tilleggsdyr. Det bør være en prosentvis reduksjon av grunnavgiften ut fra hvor mange jakt dager som gjenstår når det tinges tilleggsdyr.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret vedtek å justere kilopris og grunnavgift for elgjakta årleg etter KPI pr. 1. januar. Det blir innført grunnavgift for tilleggsdyr og pris blir redusert prosentvis etter kor mange dagar det er att av jakta.

Pris for bruk av elgtrekk blir justert opp til kr 200 og seinare blir pris justert årleg etter KPI pr 1. januar.

Vedtak:

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.1.14

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre jeger- og fiskarlag